

Ørsta kommune
Dalevegen 6
6153 Ørsta

20.03.2024

Postmottak@orsta.kommune.no

Saksnr 23/658

Innspel til kommunal jordvernstrategi for Ørsta kommune

Vi viser til at Ørsta formannskap har gjort vedtak om å leggja framlegg til jordvernstrategi ut på høyring.

I denne samanhengen ønskjer Jordvern Møre og Romsdal å koma med følgjande innspel:

Innleiingsvis vil vi gje ros for at det er tatt initiativ til å få plass ein jordvernstrategi.

Vidare har vi følgjande kommentarar:

- 1) Jordvern er eitt av fleire omsyn som skal omsyntakast i kommunal planlegging. Utfordringa no består i å løfta fram jordvern som eit omsyn som vidare framover i langt større grad enn før skal og må omsyntakast i planlegginga. Dette er kommunen sitt ansvar. Jordvernstrategien er eitt av fleire reiskap som kan brukast når jordvern i større og sterkare grad skal omsyntakast vidare framover. Vi synest denne planen er bra, men skal ein i større grad lykkast med eit betre jordvern vidare framover vil det likevel vera slik at jordvern klart må prioriterast når det skal gjerast politiske vedtak og i den overordna samfunns- og arealplanlegginga.
- 2) I så måte kan det seiast at jordvernstrategien kun er første steget i retning av ei betre sikring av jordverdiane for framtida. Jordvernstrategien vil kun vera eit av mange styringsdokument for den kommunale planlegginga. Verdien av jordvernstrategien vil vi kunne sjå i samband med samfunns- og arealplanlegginga i kommunen vidare framover. Det er såleis den overordna planlegginga og ikkje minst dei konkrete reguleringsvedtaka vidare framover som vil bli syretesten på om jordvernstrategien har verknad.
- 3) Vi saknar klare føringar og klare mål for at allereie omdisponert areal i kommuneplanen blir tilbakeført slik at det forblir dyrka og dyrkbart areal også i framtida.
- 4) Vi vil klart gå imot ein jordbank (2.5.). Ein jordbank vil tena utbyggingsinteressene meir enn jordverninteressene. Derimot vil vi tilrå at kommunen i langt større grad enn før tek i bruk dei verktøy og muligheter som kommunen har for ivaretaking og gjenbruk av matjord. Dette kan m.a. gjerast ved at det vert sett klare

og kontrollerbare krav (t.d. i reguleringsplanen) til handtering, flytting og gjenbruk av matjord til matproduksjon når dyrka areal unntaksvis og forhåpentlegvis minkande grad blir omregulert til andre formål.

- 5) Vi er litt overraska over den tilnærminga som planen har til jordvern (1.1.). Jordvern er ikkje viktig av omsyn til landbruket. Jordvern er viktig av omsyn til samfunnet. Vi saknar dette aspektet i planen. Planen burde difor ha hatt ein breiare inngang og nevnt på eit breiare grunnlag kvifor jordvern er viktig.

Med helsing

Øystein Solli
Leiar

Atle Frantzen
Sekretær